



Røyserett for Alle går inn i ei hektisk førjulstid med heile tre julekonsertar i tre bygder ( Arkivbilete frå turen til Krakow ).

**Røyserett for Alle går inn i ei travel førjulestid med heile tre julekonsertar i tre bygder, Husnes, Uskedalen og Ølve. På Husnes er Frode Kaldestad med på piano. I Uskedalen er Irene Simonsen akkompagnatør. Konserten inneheld 15 songinnslag. Av desse er nokre nye og har ikkje vore framført før. Koret vil mellom anna framføra Jeg synger julekvad, etter eit opphavleg tysk arrangement.**

Julekonsertane i fjor vart så vel mottekne med godt frammøte. Difor legg Røyserett for Alle opp til ny konsertturne i tida fram til jul.

Konsertane vert gjennomført slik:

- 01.12. kl. 19.00 i Husnes kyrkje
- 05.12. kl. 19.00 i Uskedal kyrkje
- 12.12. kl. 19.30 i Ølve kyrkje.

Røyserett for Alle ynskjer å gje tilhøyrarane ei fin adventsstund i kyrkja; song- og musikkglede er hovudfokus. Som i fjor, vil koret også denne gongen spe på med krefter utanfrå til eigne innslag.

Røyserett for Alle skal også vera med på Soknerådet sin julekonsert i Uskedal kyrkje søndag 15. desember.

Tekst: Svein Rimestad/Kristian Bringedal

Foto: Tor Edward Taranger

Nett: Kristian Bringedal